



Dei nyvalde politikarane frå Uskedalen vil møta bygdefolket tysdag 9. oktober. Her er Kristian Bringedal som møteleiar under møtet før valet. (Foto: Kristian Hus)

Neste møte i Bygdeutviklingsprosjektet i Uskedalen er lagt til tysdag 9. oktober i Gamleskulen og det vil til dels arte seg som eit slags framhald av valet,

- Etter det vellukka valmøtet som vi hadde i september er det naturleg å invitera dei nyvalde politikarane frå bygda til informasjons- og drøftingsmøte, seier prosjektleiar Kristian Bringedal til uskedalen.no Difor blir dei fire faste medlemene Torfinn Myklebust, Gunn Mari Moberg, Bjarne Lilleås og Tove Lill Lakselv innkalla og det same gjeld sju varafolk.

- På møtet vil vi gripa tak i saker det er viktig å få ei løysing på, seier Bringedal og legg til at det same gjeld større planoppgåver for Uskedalen.

Det vil også bli orientert om konkrete tiltak og arbeidsoppgåver i Bygdeutviklingsprosjektet og vidare satsing etter at prosjektperioden har gått ut ved komande årsskifte.

På møtet vert det også avsett tid til ei oppsummering av dei mange tiltaka under Sommarbygda Uskedalen.

Det gjeld alt frå besøkstal på dei ulike arrangementa og i båthamnene og campingplassane til fisket i elva. Møtet i Gamleskulen blir sjølvsagt ope for alle.

Av Ola Matti Mathisen